

## Referat frå styremøte i Vestfold sau og geit hjå Håvar Fjære 19.12.2013

Det vart servert fårikål, kaffi og kake. Alt var kjempegodt 😊

Dei som møtte: Håvar, Preben, May Brit, Torstein, Stein Erik, Magnus, Trine og referent Torhild

---

Sak 15                      **Innkalling og sakliste godkjent utan merknader**

---

Sak 16                      **Årsmøte**  
Torsdag 12. februar på Nortura Tønsberg kl 19.00 ( Det var ikkje ledig møterom på avtalt dato)  
Håvar tek kontakt med dei som skal bidra til årsmeldinga. Gjetarhund, avlsutval. Skriv i tillegg styrets årsmelding. Stein Erik gjer ferdig rekneskap og budsjett medan May Brit ragar eit referat frå sumarturen.  
Servering på møte: Spekemat. Torhild bestiller

---

Sak 17                      **Vår møte m/ Atle Domke 20 mars 2014 kl 19.00**  
Mattilsynet og lokale veterinærer bør inviterast til møte.  
Servering: Pølse med brød  
Gave: Vestfoldmat (Karianne Huseby)

---

Sak 18                      **Mattilsynets forskrift velferd for småfe og forskrift om bekjempelse av dyresjukdommar vart gjennomgått.**  
Detter er lovverk som alle sauebønder bør gå gjennom kvart år. Det kan være aktuelle tema for seinare møte.

---

Sak 19

## Fostertelling i Vestfold

Håvar gjer undersøkelser.

---

Sak 20

## Eventuelt

- Lammekongress 1-2 februar 2014 i Tønsberg

Vert arrangert som eit samarbeid mellom Nortura og NSG. Er pr i dag full.

- Medlemslister

Det er eit behov for oppretting både av adresser og dyretal. Desse data bør NSG samkjøre med produsentregisteret.

- Referat frå representantskapsmøte – tema kommunikasjon

Håvar referera frå møte der han meinte kommunikasjonen i organisasjonen burde være klarare og meir tydeleg enn det ein kan oppleve i dag. Dette er vanskeleg i ein organisasjon som famnar heile landet og mangfoldet av dialektar og talemåtar.

- VSG gjev gjetarhundnemda i oppgåve å oppnemne vestfold sine representantar til arbeidet med nytt gjetarhundråd.

Torhild tek kontakt med Lars Bjarne.

- VSG stiller seg bak NSG si uttale i samband med rovvilterstatningane